



Arkivnr: 2017/15170-16

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		
Fylkestinget		

## Selskapskontroll av Grieghallen IKS - Revisjonsrapport

### Bakgrunn for saka:

**Kontrollutvalet bestilte 29.11.2017 selskapskontroll av Grieghallen IKS der det av den godkjende prosjektplanen går fram at føremålet med selskapskontrollen har vore:**

*Føremålet med selskapskontrollen er å undersøke og vurdere Hordaland fylkeskommune si eigarstyring av Grieghallen IKS. Vidare er føremålet med selskapskontrollen å undersøke om selskapet har etablert system og rutinar for å sikre at selskapet driv i samsvar med vedtekter, politiske vedtak og regelverk, samt om selskapet har etablert ei organisering som sikrar ei god og effektiv drift.*

**Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande overordna problemstillingar:**

### **Problemstillingar knytt til fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning:**

1. *I kva grad har Hordaland fylkeskommune etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, samt egne vedtak og rutinar?*
  - a) *Korleis er fylkeskommunen si eigarstyring av selskapet organisert?*
  - b) *I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?*
  - c) *I kva grad er det etablert ein selskapsavtale i samsvar med krav i regelverket?*

### **Problemstillingar knytt til drifta i selskapet:**

2. *Driv Grieghallen IKS si verksemd i samsvar med lov om interkommunale selskap, selskapsavtalen og andre sentrale mål som eigarane har sett for selskapet?*
3. *Har selskapet etablert tilfredsstillande internkontroll tilpassa drifta i selskapet?*

4. *Har selskapet etablert system og rutinar som sikrar ei forsvarleg økonomisk drift?*

**Det går fram slik avgrensing av rapporten:**

«Då rapporten er bestilt av Hordaland fylkeskommune, er fokus på eigarstyring i og selskapsleiing med utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune, og ikkje Bergen kommune som er den andre eigaren. Rapporten omhandlar eigarstyringa av Grieghallen IKS og ikkje Hordaland fylkeskommune si overordna eigarskapsforvaltning.»

Drøfting:

Deloitte har no gjort ferdig selskapskontroll av Grieghallen IKS, revisjonsrapport er levert og ligg ved. Rapporten er også send i posten til dei møtande medlemmene. Rapporten har vore send til uttale hjå Fylkesrådmannen og Grieghallen IKS. Uttalane går fram av vedlegg 1 i rapporten.

Deloitte har i denne selskapskontrollen nytta dokumentanalyse, intervju og verifiseringsprosessar som metodar. Etter sekretariatet si vurdering har Deloitte levert ein god rapport som er i samsvar med kontrollutvalet si bestilling.

Det går fram av punkt 6 i rapporten at Deloitte tilrår at **Hordaland fylkeskommune** set i verk tiltak for å sikre følgjande:

1. *Vurdering av konsekvensen av at eit av styremedlemmane no er konstituert fylkesrådmann med omsyn til habilitet når saker vedrørande selskapet skal handsamast i fylkestinget.*
2. *Oppfølging av KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:*
  - a) *grunngjeving av val av styremedlemmar.*
  - b) *rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.*
  - c) *registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.*
3. *Handsaming av endring av talet på styremedlemmar i samsvar med innkomsel. § 4.*
4. *Oppdatering av selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellom anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).*

Deretter går det fram av punkt 6 i rapporten at Deloitte tilrår at **Grieghallen IKS** sett i verk tiltak for å sikre følgjande:

1. *Utsending av innkalling til representantskapsmøta i samsvar med innkomsel. § 8 og selskapsavtalen.*
2. *Utarbeiding av økonomiplan i samsvar med innkomsel. § 20 og selskapsavtalen.*
3. *Rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med innkomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.*
4. *Formalisering av rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
5. *Formalisering av avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.*
6. *Utarbeiding av skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.*

Konklusjon:

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgt opp. Det har vore vanleg praksis at dette også gjeld rapportar om selskapskontroll. Det vert vist til «Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner» § 12 «Oppfølging av forvaltningsrevisjoner» der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal påse at kommunestyrets eller fylkestingets vedtak i tilknytning til behandlingen av rapporter om forvaltningsrevisjon følges opp.*

*Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader til rapport om forvaltningsrevisjon er blitt fulgt opp. Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte.»*

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag til tiltak i rapporten. Det vil vera naturleg at Hordaland fylkeskommune som eigar i selskapet får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld fylkeskommunen. Vidare vil det vera naturleg at styret i Grieghallen IKS får ansvar for å sette i verk naudsynte tiltak i høve tilrådingane som gjeld internt i selskapet.

På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at fylkestinget ber fylkesrådmannen og styret i Grieghallen IKS om å syta for å laga ein prioritert handlingsplan som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

**Forslag til innstilling**

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Grieghallen IKS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** syta for å:

1. Vurdere konsekvensen av at eit av styremedlemmane no er konstituert fylkesrådmann med omsyn til habilitet når saker vedrørende selskapet skal handsamast i fylkestinget.
2. Følgje opp KS og Hordaland fylkeskommune sine tilrådingar for val av styre og styrearbeid:
  - a) grunngjeving av val av styremedlemmar.
  - b) rutinar for styrearbeid slik som styreevaluering, årsplan, instruksar m.m.
  - c) registrering av styreverv i KS sitt styrevervregister.
3. Sikre at talet på styremedlemmar er i samsvar med inntomsel. § 4.
4. Oppdatere selskapsavtalen og sørge for at praksis er i samsvar med avtalen (mellom anna når det gjeld formulering om varamedlemmar, kva endringar som skal handsamast i fylkesting og bystyre, og val av styreleiar).
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av selskapskontroll av **Grieghallen IKS** ber fylkestinget styret syta for å:

1. Sende innkalling til representantskapsmøta i samsvar med inntomsel. § 8 og selskapsavtalen.
2. Utarbeide økonomiplan i samsvar med inntomsel. § 20 og selskapsavtalen
3. Sikre rettidig handsaming av budsjett og rekneskap i samsvar med inntomsel § 18 og forskrift om budsjett, regnskap mm for IKS § 4.
4. Formalisere rolla som arbeidande styreleiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.
5. Formalisere avtaleforholdet med innleigd dagleg leiar og kva oppgåver som ligg til denne rolla.

6. Utarbeide skriftlege rutinar og kontrollar for dei viktigaste arbeidsprosessane i selskapet.
5. Laga ein prioritert handlingsplan innan 01.02.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

1 50332357(6)\_Rapport frå selskapskontroll av Grieghallen IKS